



Journalistprisen

HALLINGDØLEN

Med «Utbygginga på Søråsen» går Hallingdølen til kjernen av eit høgaktuelt tema: Nedbygging av natur. Kva veg tyngst – at urørt område vert verna, eller at ein hytteutbyggjar, som har investert millionar i god tru, får lov å bygge ut området?

Med journalist Anna Huseby i spissen set avisa dagsorden i lang tid med stadig nye gode saker, som har vekt svært stort engasjement lokalt. Ved å få både statsforvaltar og uavhengige juristar på bana for å finne ut kven som eigentleg er beslutningstakar i konflikhtar som dette, har dekninga også stor relevans for resten av landet.

Samla illustrerer sakene korleis samfunnet sine haldningar til nedbygging av natur har endra seg over tid, og kva handlingsrom ein kommune har når innbyggjarane krev at ein reguleringsplan frå ein annan tid, blir endra. Det har vore svært utfordrande å få motparten i saka i tale, men avisa skal ha honnør for at ho ikkje har latt motvilje og manglande medverknad hindre den omfattande nyheitsformidlinga.

Hallingdølen si dekning av utbygginga er grundig, uthaldande og til stor inspirasjon for både små og store nyheitsredaksjonar i heile Noreg!

Hallingdølen fortener heiderleg omtale.

Juryen, Hamar, 16. mars 2024

Eva Akerbæk

Siri Skaalmo

Thomas Frigård